



Aurland, 30.01.2019

Mottakere ifølge liste

Vår ref.
2019000004-2

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Hanna Hjellum Borlaug, 57 63 29 70

Arkiv
K1 - 080, K3 - &17

Aurland Eldreråd - referat frå møte 29. januar

Desse møtte: Marit Berge, Reidun Skahjem, Alv Loven, Monica Finden og møtesekretær Hanna Hj. Borlaug. Kjell Bakke hadde fråver.

Sakliste:

1/19. Referat frå OOK

Orientering

Interkommunalt prosjekt Bu og omsorgstilbod for psykisk sjuke v/ tenesteleiar for Helse og førebygging Guri Olsen

Presentasjon av nye tenesteleiarar

Monica Hille, tenesteleiar for kultur
Christine Warholm Naasen, tenesteleiar for bu- og miljøtenester

OOK- 002/19 Vedtak:

Ingen merknader til referatsaker

004/19: Prøveprosjekt med leksefri skule

Tilråding frå rådmannen:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

28.01.2019 Omsorg - oppvekst og kultur

Tilleggsforslag:

Tilleggsframlegg frå Hege Loven

OOK ber om at rådmann inviterer Aurland barne- og ungdomsskule til å delta i denne utgreiinga.

Framlegg frå Monica Finden:

1. OOK er positive til initiativet frå elevrådet ved Flåm skule. Saka vert send på høyring til organ som skal høyrast jf. opplæringslova.

Når høyringsorgana har hatt møte på saka og uttale ligg føre, vert saka lagt fram for OOK att. Saka vert då lagt fram med alle vurderingar inkl. mellom anna økonomiske konsekvensar og konsekvensar for tilsette.

2. OOK ber om at organ som skal høyrast i saker som omfattar skular og barnehagar, alltid har gjennomført møte og uttale er motteken, før sakene vert lagt fram for politisk handsaming.

Handsaming i møte:

Røysting

Røysting punktvis over framlegg frå Monica Finden:

Punkt 1: samrøystes
Punkt 2: 1 røyst for, 4 røyster mot
Tilleggsframlegg frå Hege Loven: samrøystes

OOK- 004/19 Vedtak:

Utval for omsorg, oppvekst og kultur (OOK) er positive til initiativet frå elevrådet ved Flåm skule. Saka vert send på høyring til organ som skal høyrast jf. opplæringslova. Når høyringsorgana har hatt møte på saka og uttale ligg føre, vert saka lagt fram for OOK att.

Saka vert då lagt fram med alle vurderingar inkl. mellom anna økonomiske konsekvensar og konsekvensar for tilsette. OOK ber om at rådmann inviterer Aurland barne og ungdomsskule til å delta i denne utgreiinga.

005/19: Investeringar Pleie og omsorg - Forstudium Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret vedtek prosjektmandat slik det ligg føre i saksutgreiinga.
2. Kommunestyret organiserer prosjektet slik det går fram av saksutgreiinga.
3. Kommunestyret vel følgjande to kommunestyrerepresentantar som medlem i styringsgruppa:

28.01.2019 Omsorg - oppvekst og kultur

Tilleggsforslag:

Framlegg til frå Monica Finden

1. Kommunestyret oppnemner styringsgruppe for bygningsmessige tiltak i pleie og omsorg. Styringsgruppa rapporterer til kommunestyret.
2. Styringsgruppa skal avklare behov, driftsmessige konsekvensar, finne funksjonelle løysingar, vurdere kostnad og finansiering og legg grunnlaget for innhenting av tilbud.
3. Det vert føresett framfrift med mål om byggjestart i 2020.
4. Som medlemmar i styringsgruppa vert valde: Leiar: Nestleiar:
5. Styringsgruppa skal syte for brukarmedverknad i heile planprosessen.
6. Styringsgruppa kan oppnemne referansegrupper.
7. Rådmann er sekretær for styringsgruppa.
8. Styringsgruppa får fullmakt til å engasjere prosjektleiar.
9. Styringsgruppa har funksjonstid fram til ein har grunnlag for å arbeida ut tilbodsdokument.

Kommunestyret tek då stilling til vidare organisering.

Handsaming i møte:

I samband med behandlinga av saka vart saka drøfta i fellesmøte mellom Utval for prosjekt, drift og eigedomsutval (PDEU) og Utval for omsorg, oppvekst og kultur (OOK).

Monica Finden sitt framlegg i OOK er likelydande med framlegget frå Johannes Dalsbotn i PDEU.

Røysting

Framlegg frå Monica Finden: samrøystes

To tilleggskommentarar frå Aurland Eldreråd:

Aurland Eldreråd ynskjer at ledige bustadar i Aurland kommune vert kunngjorde i bladet Aurlendingen. I tillegg er det ynskjeleg at generelle kriteria for tildeling av ledige bustadar ligg ved.

Ei lita oppmoding til Helsestasjonen v/helsesjukepleiar:

Aurland Eldreråd vil bringe fram ein idè etter ei nyheitsending som fleire såg 28. januar i år på NRK. Programmet synte born som song til eldre på ein institusjon. Eldrerådet tykte ideen var god, og vil oppmode Helsestasjonen ved helsesjukepleiar May Sigrun Winjum om å ta ideen vidare til småbarnsforeldra. Tanken er om dette kan prøvast ut i Aurland.

2/19. Møteplan for 2019

Møteplanen ligg ved referatet

Med helsing

Hanna Hjellum Borlaug
Konsulent

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

31.01.2019	Aurland Eldreråd - møteplan for 2019
01.02.2019	Aurland Eldreråd - framlegg til kunngjering av ledige bustadar
05.02.2019	Aurland Eldreråd - framlegg til ein aktivitet for eldre

Kopi til:

Margunn Tolleshaug
Steinar Søggaard

Likelydande brev er sendt til:

Alv Loven	Rygg 1	5745	AURLAND
Anne Grethe Breisnes	Rygg 24	5745	AURLAND
Ella Juven Widme	Flåmsdalsvegen 94	5743	FLÅM
Hege Loven	Ryggjakyrkja 13	5745	AURLAND
Kjell Arvid Bakke	Låvi 14	5745	AURLAND
Knut Gunnar Heggstad	Flåmsdalsvegen 83	5745	AURLAND
Kristin Sønnerheim	Dalen 40	5745	AURLAND
Marit Berge	Fretheimshaugane 15	5743	FLÅM
Monica Finden	Klokkargarden 21	5745	AURLAND
Reidun Skahjem	Dalen 88	5745	AURLAND

KOPPI